

**MØTEBOK – 25.06.2009 - KOMMUNESTYRET**

Møtestad: <b>Tingsalen</b>	Møtedato: <b>25.06.09</b>	Frå kl.: <b>1300</b>	Til kl.: <b>15.10</b>
Møteleiar:	<b>Ordførar Olav Lunden</b>		
Møteinnkalling: (kunningjering):	<b>Sendt medlemmer og varamedlemmer 19.06.09 og på kommunen si heimeside.</b>		
Representantar som er borte:	<b>Jan Tore Thue Birte Fossheim Liv Bulling Dina Lefdal</b>		
Vararepresentantar som er til stades:	<b>Johannes Hamre Guro Marie Dyngen Alison Molland</b>		
Til stades:	<b>I alt: 16</b>	<b>Av desse 3 vararepresentantar</b>	
	<b>Merknader:</b>		
Andre framømte:	<b>Rådmann Odd Arve Rakstad Nærings- og utviklingssjef Per Holen Oppvekst- og omsorgssjef Gunnar Steine</b>		
Saker som vart handsama:	<b>Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 26/09-35/09</b>		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	<b>Olav Lunden</b>  <b>Allison Molland</b>  <b>Jarle Bøyum</b>  <b>(sign)</b>		

# MØTEPROTOKOLL

## Kommunestyret

---

Møtestad: **Tingsalen**  
Møtedato: **25.06.2009** Tid: **13.00**

---

### SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr. Tittel</b>
26/09	07/566 <b>Kommuneplan 2008 - 2016. Godkjenning</b>
27/09	06/246 <b>Konsesjon for for 420 kV leidning Ørskog - Sogndal - klage frå Leikanger kommune</b>
28/09	08/763 <b>Ny brannstasjon og brannbil</b>
29/09	09/290 <b>Rekneskapsrapportar 2009</b>
30/09	09/331 <b>Årsmelding kontrollutvalet 2008</b>
31/09	09/363 <b>Ny plandel til plan- og bygningsloven - delegering</b>
32/09	09/378 <b>Distriktmusikarordninga - Evaluering 2009</b>
33/09	09/381 <b>Klage på vedtak i sak 56/09 i formannskapet - Systova Agnes Wathne</b>
34/09	09/382 <b>Skuleeigarrolla i Sogn</b>
35/09	09/392 <b>Orienteringar</b>

26/09

## **Kommuneplan 2008 – 2016. Godkjenning**

### **HANDSAMING:**

Repr. Jan Sigurd Haugen (SV) gjorde slikt framlegg:

Leikanger kommunestyre vedtek med bakgrunn i merknader og motsegner å ha ein ny gjennomgang av arealdelen av kommuneplanen. Ny gjennomgang skal vere gjennomført innan juni 2010. Administrasjonen skal legge fram plan for framdrifta i augustmøtet. Samfunnsdelen av kommuneplanen vert vedteken som utsendt.

Kommunestyret tolka framlegget som eit utsetjingsframlegg

Det vart røysta over utsetjingsframlegget:

Utsetjingsframlegget fall med 10 mot 6 røyster

Repr. Johannes Hamre (V) gjorde slikt framlegg om nytt punkt 7 i tilrådinga: Område avsett til motorsport på Gauthaug vert endra til føremål LNF

### **Avrøysting**

Framlegget frå Johannes Hamre (V) fall med 12 mot 4 røyster

Endeleg avrøysting:

**Formannskapet si tilråding vart vedteken med 14 mot 2 røyster.**

### **VEDTAKET lyder etter dette slik:**

**Leikanger kommunestyre vedtek i medhald §20-5 i Plan- og bygningslova framlegg til kommuneplan for Leikanger 2008 – 2016, Samfunnsdel og Arealdel med føresegner og retningslinjer.**

**Arealdelen vert vedteken med desse endringane:**

- 1. Arealbruken i sjøen på gnr.10 bnr.20 skal vera i samsvar med vedteken reguleringsplan, jfr merknad frå Eirik H. Hamre.**
- 2. Bustadområdet på gnr.24 bnr.21 ( 12-13 daa) i Njøs aust vert endra til LNF-område.**
- 3. Bustadområdet på Gjertrudbakken (22 daa) vert endra til LNF-område.**
- 4. Utnyttingsgraden for bustadområda i Njøs Vest og Njøs Aust vert endra til minimum 2 bustadeiningar per daa bruttoareal.**
- 5. Del av bustadområde Njøs Vest merka med skravur og rune –R ( Njøs mellomalderkyrkje og kyrkjegard) vert endra til kombinasjonsføremål LNF/Kulturminnevern.**

**Del av bustadområde Austaberg merka med rune –R vert endra til kombinasjonsføremål LNF/Kulturminnevern.**

27/09

## **Konsesjon for for 420 kV leidning Ørskog - Sogndal - klage frå Leikanger kommune**

### **HANDSAMING:**

Repr. Jan Sigurd Haugen (SV) gjorde framlegg om slikt nytt punkt 5 i tilrådinga: Alternativ med sjøkabel er ikkje vurdert.

#### **Avrøysting**

Det vart først røysta over framlegget frå Jan Sigurd Haugen (SV)  
Framlegget fall med 9 mot 7 røyster

Endeleg avrøysting

**Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.**

**VEDTAKET lyder etter dette slik:**

**Leikanger kommunestyre klagar på fylgjande vilkår i anleggskonsesjonen:**

- 1. Det skal nyttast måla master og komposittisulatorar på heilestrekninga gjennom Leikanger kommune. Grunngevinga for denne klagen er at mastene og isolatorane på heile strekninga aust for Njøsadalen er svært synlege frå kommunesenteret.**
- 2. Det skal nyttast lydvarslingsystem i staden for tradisjonell merking ved kryssingane av Grindsdalen og Njøsadalen. Desse to dalkryssingane er svært synlege frå fjorden. Kryssingane av Njøsadalen er synleg frå kommunesenteret. Kryssingane av Grindsdalen ligg i nærleiken av det nasjonalt utpeika kulturlandskapsområdet Grinde – Engjasete.**
- 3. Leikanger kommune er svært oppteken av oppryddinga etter anlegget og vil ha miljø- og transportplanen til fråsegn før godkjenning i NVE.**
- 4. Leikanger kommune krev at Statnett som avbøtane tiltak vert pålagd ansvaret for ei opprydding i linjestrukturen gjennom kommunen, slik at talet på leidningar vert færrest mogeleg.**

28/09

## **Ny brannstasjon og brannbil**

### **HANDSAMING:**

Samrøystes vedteke i samsvar med formannskapet si tilråding.

**VEDTAKET lyder etter dette slik:**

1. Rådmannen får fullmakt til å forhandle fram endeleg avtale med Arne Hildeskor om leige av del av næringsbygg til brannstasjon i Øyane frå 01.10.09. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne leigeavtalen.

2. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av brukt brannbil med tilpassa utstyr innafor ei økonomisk ramme på kr.450.000,- eks. mva.

3. Kostnader med leige av lokale til brannstasjon og kjøp av ny brannbil blir å leggje inn økonomiplanen for 2010-2014.

29/09

## Rekneksparapportar 2009

### HANDSAMING:

Samrøystes vedteke i samsvar med formannskapet si tilråding.

**VEDTAKET** lyder etter dette slik:

Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande.

Det vert gjort vedtak om fylgjande endringar i budsjettet for 2009:

Budsjettendringar som fylgje av tertialrapport pr. 30.04.2009.

	Auke utgift Red.inntekt	Red.utg. Auka inntekt
Drift av idrettshall		191 000
Brannvern	155 000	
Kontrolutval/sekretariat	163 000	
Felles datasystem	250 000	
Personalutv. O/U-prosjekt	300 000	
Taksering eigedomsskatt	100 000	
Rammetilskot		1 500 000
Skatt på innt.og formue	1 900 000	
Renter mv		750 000
Andre gener.statstilskot	200 000	
Avdrag på lån	750 000	
Generell barnevern	118 000	
Barnev.tiltak i fam.	130 000	
Barnev.utafor fam.	780 000	
Særtiltak 1		126 000
<b>Sum auka inntekt / utgift</b>	<b>4 846 000</b>	<b>2 567 000</b>

Nettoeffekt; auka utgift

2 279 000

Meirforbruk, kr. 2.279.000,- vert å dekkja ved bruk av disposisjonsfond.

30/09

## Årsmelding kontrollutvalet 2008

### HANDSAMING:

Framlegg frå ordførar Olav Lunden  
Leikanger kommunestyre tek årsmelding frå kontrollutvalet 2008 til vitande.

**Framlegget frå Olav Lunden vart samrøystes vedteke.**

**VEDTAKET lyder etter dette slik:**

**Leikanger kommunestyre tek årsmelding frå kontrollutvalet 2008 til vitande.**

31/09

## Ny plandel til plan- og bygningsloven - delegering

### HANDSAMING:

Repr. Tobias Dahle (AP) gjorde slikt framlegg:  
Siste kulepunkt i formannskapet si tilrådinga vert teken ut.

### Avrøysting:

Det vart først røysta over framlegget frå Tobias Dahle.  
Framlegget vart vedteke med 9 mot 7 røyster

Endeleg røysting

**Formannskapet si tilråding utan siste kulepunkt vart samrøystes vedteke**

**VEDTAKET lyder etter dette slik:**

**Leikanger kommunestyre vedtek fylgjande delegering i samband med ny plandel i Plan- og bygningslova, gjeldane frå 01.07.09:**

- §3-3. Rådmannen får mynde til å peika ut ein tilsett som skal ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga.
- §12-8. Formannskapet kan gi råd om korleis reguleringsplanen bør utarbeidast.
- §12-10. Formannskapet tek reguleringsplan opp til handsaming med dei merknader som er innkomne og kjem med framlegg til kommunestyret.
- §12-11. Formannskapet skal for private reguleringsplanframlegg snarast, og seinast innan tolv veker avgjera om framlegget skal fremjast ved å

sendast ut på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn. Formannskapet kan samtidig fremja alternative framlegg til regulering av arealet.

- §12-14. Formannskapet får mynde til å treffa vedtak om mindre endringar i reguleringsplan.
- §13-1. Formannskapet kan bestemma mellombels forbod mot tiltak og oppretting og endring av eigedom.

32/09

### **Distriktmusikarordninga - Evaluering 2009**

#### **HANDSAMING:**

Repr. Astri Taklo (V) gjorde framlegg om endring i siste kulepunkt. Avtalen bør gjelde for 1 år og tre i kraft frå 01.08.2010.

**Framlegget frå Astri Taklo vart samrøystes vedteke.**

**VEDTAKET** lyder etter dette slik:

- **Kommunestyret tek rapporten om distriktmusikarordninga til orientering.**
- **Kommunestyret sluttar seg til dei kortsiktige og langsiktige måla i rapporten.**
- **Leikanger kommune skal inngå ein ny avtalen om distriktmusikarar med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Den nye avtalen bør utarbeidast i løpet av skuleåret 2009/2010 i samarbeid med ein ekstern konsulent (t.d.HISF) Avtalen bør gjelda for 1 år og tre i kraft frå 01.08.2010.**

33/09

### **Klage på vedtak i sak 56/09 i formannskapet - Systova Agnes Wathne**

#### **HANDSAMING:**

Formannskapet har teke klagen til fylgje. Saka vert difor trekt frå saklista til kommunestyret

**VEDTAK** lyder etter dette slik:

**Formannskapet har teke klagen til fylgje. Saka vert difor trekt frå saklista til kommunestyret.**

34/09

## **Skuleeigarrolla i Sogn**

### **HANDSAMING:**

Samrøystes vedteke i samsvar med rådmann si tilråding.

### **VEDTAKET lyder etter dette slik:**

**Kommunestyret vedtek at Leikanger kommune – som skuleeigar – prioriterer følgjande område innafor det regionale prosjektet ”Sats på skulen – snu Sogn”:**

- 1. Å utarbeide, implementere og utvikle eit overordna kvalitetssystem og system for oppfølging i skulesektoren. Vurderingsarbeid på alle nivå skal vere ein viktig og integrert del av systemet, og det skal sikrast at alle partane i skulesamfunnet vert inviterte til å delta.**
- 2. Rådmannen får i oppdrag å følgje opp arbeidet med lokale læreplanar, og sikre samordning, samarbeid og gode overgangar frå barnehage opp til vidaregåande skule. Møteplassar/nettverk skal datofestast og innarbeidast i skulane sine årsplanar/årshjul, og resultatet skal rapporterast til kommunestyret i årsmeldinga.**
- 3. Kommunestyret innfører/vidarefører ein ”temadag ” for skule der det vert presentert og sett fokus på resultat frå brukarundersøkingar, eksamen og nasjonale prøvar. Andre tema som har betydning for kvalitet og utvikling i skulen kan og takast opp.**

35/09

## **Orienteringar**

### **TEMA:**

1. Leikanger kraftverk – innbyggjarinitiativ om folkerøysting.  
Orientering ved ordførar  
Ordførar gjorde framlegg om at saka vert utgreidd av administrasjonen og fremja for kommunestyret så snart råd og seinast innan 6 månader.
2. Brev av 17.06.09 frå Miljøvernminister Erik Solheim til ordførar Olav Lunden om at området Kvinnafossen er med i verneplan for edellauvskog som vert vedteken av kongen i statsråd (vedlegg)
3. Rapport nr. 1 frå statleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen med svarbrev av 03.06.09 frå kommunen (vedlegg)
4. Møteplan for formannskap og kommunestyre for andre halvår 2009.

Framlegget vart utdelt i møtet.  
Kommunestyret slutta seg samrøystes til framlegget.

5. Krav om lovlegheitskontroll vedk. kommunestyret si handsaming av sak om konsesjonssøknad til kraftutbygging – sak 20/09.  
Ordførar gjorde framlegg om at saka vert utgreidd og lagt fram for kommunestyret til neste møte.